



# FAGPLAN FOR TIME KULTURSKULE SLAGVERK

## 1. Time kulturskule sin grunnmur, generell del

### 1.1 Lovforankring

Kulturskulen i Time komme er forankra i opplæringslova § 13-6:

«Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknyting til skuleverket og kulturlivet elles.»

### 1.2 Lokal organisering

Time kulturskule er organisert under kommunaleining for oppvekst og er ein skule for undervisning innan kunstnariske og kulturelle fag.

Skulen har fem ulike fagretningar med tilbod innan musikk, dans, drama, kunstfag og skapande skriving.

Kulturskulen samarbeider med barnehage og grunnskule samt aktørar i det lokale kunst- og kulturlivet. Kulturskulen er arbeidsgjevar for dirigentar og instruktørar i skulekorpsa.

### 1.3 Visjon for Time kulturskule

«Kulturskulen tilbyr barn og unge oppvekstvilkår som gir dei lyst på livet og evne til å meistre det»

### 1.4 Overordna mål

Time kulturskule er ein sentral del av den kulturelle grunnmuren i Time kommune. Kulturskulen gir barn og unge opplæringstilbod innan musikk, kunst- og kulturfag. Verksemda bidreg til å løfte fram kunst og kultur som bærande element i det daglege liv

og i samfunnsutviklinga generelt. Kulturskulen er eit ressurscenter for kunst- og kulturverksemd i lokalsamfunnet.

## **1.5 Pedagogisk plattform**

Både drift og undervisning i Time kulturskule tek utgangspunkt i Rammeplan for kulturskulen «Mangfald og fordjoping» (Norsk kulturskoleråd 2015-16) og tilhøyrande nasjonal fagplan.

Time kulturskule gir tilpassa og kvalitetsbasert undervisning til barn og unge busett i Time kommune.

Undervisninga gir rom for læring, skapande verksemd, oppleving og formidling av kunstnariske ferdigheter.

Kulturskulen bidrar til barn og unge si danning, fremmer respekt for andre sin kulturelle bakgrunn, bevisstgjer eigen identitet og utviklar eigen livskompetanse.

Undervisninga blir gitt som allmenndannande breiddetilbod innan kulturskulen sitt grunnprogram, kjerneprogram og fordjupingsprogram. Tilboda er individuelt tilpassa den enkelte elev.

## **1.6 Tildeling av elevplass**

Tildeling av elevplass skjer via elektronisk søknad. Søknadsfrist er 1. mai for komande skuleår.

Elevplass i kulturskulen er eit betalingstilbod med kontingent fastsett av kommunestyret.

## **1.7. Arbeidsavtalar, teieplikt, politiattest, pedagogisk ansvar, rapporteringslinje**

Lærarane i Time kulturskule er tilsett etter sentrale avtaleverk, men med lokalt utarbeidde personlege arbeidstidsavtalar.

Alle tilsette i Time kulturskule er pålagt teieplikt på lik linje med anna pedagogisk personale i kommunen.

Det er krav om politiattest for tilsetting. Dette gjeld også for arbeid knytt til frivillige organisasjonar som t.d. skulekorpsa.

Den enkelte lærar har, med forankring i nasjonal rammeplan og fagplan, det pedagogiske ansvaret for sin undervisning. Lærarane arbeidar i pedagogiske team. Administrasjonen har det overordna pedagogiske ansvaret

## **2. Rammefaktorar for undervisning i kulturskulen**

### **2.1 Slagverk, Musikk - instrumentalundervisning**

Mindre eller større undervisningsrom eventuelt med piano og pianokrakk.

Avspillingsutstyr

Notestativ

God lyssetting

Romsleg undervisningsrom med golvlass og gode akustiske forhold

Lydisolering/demping både inne i rommet og utad

Eleven må ha tilgjengeleg slagverk akustisk eller elektronisk, ev gummipadde for eigenøving/heimearbeid

Eleven må sjølv kjøpe inn noter etter rettleiing frå sin lærar.

Eleven må ha tilgang på internett/youtube heime, nyttast etter rettleiing frå lærar

Eleven får ein fast timelærar.

Undervisning aleine eller i mindre grupper a 2-3 elevar.

Noko samspel og gruppeundervisning i tillegg.

Timeressurs minimum 20 minutt pr veke.

Undervisninga er tilgjengeleg for medlem i skulekorps etter avtale mellom kulturskulen og det enkelte korps.

## **3. Fagplan**

### **3.1 Slagverk**

#### **Overordna mål**

Overordna mål er at eleven skal lære seg å spele slagverk, kjenne glede ved å spele, få utvikle sitt kunstnariske potensiale og oppleve mestringeskjensle, noko som gir sjølvrespekt og byggjer eleven sin karakter.

Vi ønskjer at eleven skal kunne bruke speleeeigenskapen sin gjennom utøving og musikkformidling til andre. Eleven skal kunne fungere som ein ressurs i det lokale skule- og kulturlivet, til glede for seg sjølv og andre.

#### **Undervisningstimen**

Læraren møter i god tid og tek godt i mot eleven. Undervisningssituasjonen skal vera forutsigbar og trygg. Læraren motiverer og oppmunstrar til glede over mestring, utøving og læring.

Timen skal innehalde høyring av heimearbeid/lekse og gjennomgang av nytt undervisningsstoff. Eleven får tydeleg informasjon om kva ho/han skal arbeide med heime til neste time. Det bør også vera tid til speling av tidlegare innøvd repertoar basert på mestringsfølelse og speleglede.

Alle elevar skal i tillegg ha gehørbasert undervisning som styrker evna til å gå inn i

musikken, lytte, skape og å utøve utan noteavhengighet.

Læraren skal førebu eleven til å meistre eventuelle speleoppdrag og konsertopptredenar. Etter konsertspeling skal læraren ta seg tid til å bearbeide arbeidsoppgåver og opplevingar frå ulike situasjonar i lag med eleven.

### **Bruk av lærebøker**

På alle nivå treng eleven ein eller fleire lærebøker. I tillegg kan det være aktuelt å kjøpe suppleringsstoff, avhengig av eleven sitt behov og eige ønske. Læraren er ansvarleg for å rettleie i innkjøp av bøker og notemateriell. Mykje av slagverkundervisninga er basert på gehørspeling. Læraren rettleier korleis eleven kan finne fram til inspirasjonskjelder, ulike artistar og låter via bruk av internett og youtube.

Undervisinnga baserar seg på ein kombinasjon av notebruk og gehørspeling.

Vi følgjer progresjon og metode i spesielle lærebøker for dei ulike instrumenta. Læraren forklarer og rettleier inngåande det eleven møter av undervisningsmateriale. Bøkene sikrar pedagogisk opplegg og ei fornuftig læringskurve. Målet er å sikre at eleven ikkje sit igjen med store ”hol” og manglar vesentlege ting i utviklinga. Det er viktig å presisere at alle elevar skal ha eit eige tilpassa undervisningstilbod og at progresjon og utvikling vil vera individuell.

### **Element i opplæringa**

Opplæringa vil ha ein naturleg progresjon med aukande vanskegrad tilrettelagd for den enkelte elev. Undervisinnga skal ha ein naturleg kombinasjon av kjend stoff og nye utfordringar for vidareutvikling.

Notelære, rytmelære, rytmiske mønster, speleteknikk. Lytting og samspel, repertoar henta frå ulike musikkjangrar.

Samspel er ein sentral del av kulturskulen si undervisningskultur. Alle elevar skal få ta del i ensemblespill i små eller større grupper. Det sosiale aspektet med å lære seg samhandling gjennom felles musisering er ein viktig del av denne undervisningsforma.

### **Heimeoppgåver/øverutinar**

**«Øve, øve, jamt og trutt og tappert det er ting»** Det å være elev i kulturskulen er ein fritidsaktivitet, men likevel gir det nokre forpliktingar for å få utbytte og framgang i læringsprosessar knytt til det å lære seg å spele eit instrument. Aktiviteten skal være lystbetont, sosial og meiningsfull for alle som tar del i tilbodet. For å oppleve sjølve aktiviteten som gjevande over tid, er det viktig å oppleve mestring og utvikling på instrumentet - og for å lære seg noko nytt krevjast eigeninnsats med øving . Alle elevar oppmodast derfor til å øve jamleg på instrumentet.

### **Læraren sitt ansvar**

Vera godt førebudd, ha god kommunikasjon med elev og heim, stille krav som er realistiske og oppmuntre eleven til innsats og deltaking. Melde frå om innkjøp av noter og val/bruk av repertoar. Rettleie tydeleg i kva og korleis eleven skal arbeide heime med øving og oppgåver. Finne samspelpartnarar viss eleven ønskjer samspel i lag med andre. Stimulere til ulik form for både solo- og samspel og til å opptre og dele musikken med andre. Stimulere til samarbeid om val av repertoar og målsetting for elevar på mellom- og vidaregåande nivå.

## **Eleven sitt ansvar**

Møte til rett tidspunkt på timane, innarbeide gode øvingsrutinar, halde orden på beskjeder og noter. Være førebudd til ny undervisningstime, følgje opp heimeoppgåver og øving. Ved fråvær skal ho/han gi beskjed til lærar. Elevar på mellom- og vidaregåande nivå skal ta del i val av repertoar og nedfelle mål for undervisninga etter initiativ frå og i samarbeid med sin lærar. Delta på trekant-/foreldresamtalar kvart skuleår.

## **Foreldre/ føresette sitt ansvar**

Alle elevar må ha eige instrument tilgjengeleg heime.

Foreldre/føresette skal hjelpe og oppmode eleven til gode øvingsrutinar og gjennomføring av heimeoppgåver. Ved fråvær skal dei gi beskjed til lærar eller kulturskulen sin administrasjon. Dersom eleven møter vanskar eller särlege utfordringar, skal foreldre/føresette ta kontakt med lærar og/eller administrasjon for på ein god måte å finne løysning på dette. Foreldre/føresette skal støtte opp om aktuelle arrangement i kulturskulen. Delta på trekant-/foreldresamtalar kvart skuleår.

## **Tydelege mål og aktivitetar**

For å få god oversikt og system i opplæringa, er opplegg med lærebøker og repertoarutval delt inn i ulike mål med påfølgjande læringsaktivitet.

Oversikta viser kva eleven kan lære og korleis dei skal lære det.

Dette skal vera med å tydeleggjere at det å læra seg å spele slagverk krev aktiv eigeninnsats og trening. Måla skal motivera eleven til å utvikle seg på instrumentet og å gi undervisninga god framdrift.

### **3.1.1 Mål og aktivitet nybyrarnivå**

#### ***Mål:***

Lære elementær stikketeknikk, korleis halde stikkene, vanlege slagkombinasjonar.

Aktivitet: Læraren syner korrekt måte å halde stikkene på og korrigerar eventuelt eleven. Grunnleggjande slagkombinasjonar, slik som enkeltslag, dobbeltslag og paradiddler, synast enten av lærer eller lesast frå noteark.

#### ***Mål:***

Vite kva puls er og korleis ein teller for å halda takta. Kjenne til ulike taktarter og korleis telle desse.

Aktivitet: Eleven vert presentert for musikk av diverse karakter og sjangertype, læreren demonstrerer pulsrytme som eleven trampar og speler. Læreren forklarer prinsippa taktarter og på kva for måte dei ulike taktartane skal tellast.

#### ***Mål:***

Lære enkle åttendels- og sekstendelsbaserte rytmer, samt rytmer i 12/8-takt.

Opparbeide koordinasjon mellom hender og bein for å spille disse.

Aktivitet: Gjennom imitasjon eller ved bruk av noter lærar eleven grunnleggjande trommesettrytmer. Eleven lærar først åttendelsbaserte rytmer og korleis desse relaterer seg til sekstendelsbaserte rytmer og tredele rytmer som 12/8. Det kan være aktuelt med eigne øvingar som tek føre seg koordinasjonsutfordringar knyttta til desse rytmene.

**Mål:**

Lære enkle fills og korleis desse fungerar musikalsk

Aktivitet: Eleven lærar enkle fills gjennom imitasjon eller notar. Eleven lærer også korleis ein kan lage eigne fills.

**Mål:**

Opparbeide periodekjennskap

Aktivitet: Eleven lærar om 4-, 8- og 16-taktsperiodar. Øving gjennom aktiv og gjentakande telling av taktar slik at periodane til slutt vert automatisert og nærliggande.

**Mål:**

Forstå trommesettet si rolle i ulike samspelsituasjonar.

Aktivitet: Gjennom samspel med lærar og andre elevar lærar eleven om trommesettet si rolle i forhold til andre bandinstrument.

**Mål:**

Gje eleven eit nært og bevisst forhold til ulike musikkgenre.

Aktivitet: Gjennom lytting til musikk i forskjellige genre og diskusjon om musikk skal eleven verta bevisst val av og utøving av ulik form for musikk.

**Mål:**

Lære enkle notefigurar.

Aktivitet: Eleven lærer heilnoter, halvnoter, fjerdedelar, åttendedelar, sekstendedelar og deira respektive pausar. Opparbeide forståing av eit enkelt einstemmig notebild. Eleven spelar aktuelle skarptrommestykke, enten på skarptromme eller på øvingspad.

### **3.1.2 Mål og aktivitet mellom/vidarekome nivå:**

**Mål:**

Oppnå ein slagteknikk som gjer det enkelt å meistre spelinga, samt øve opp dei ulike deler av armen som trengst for .

Aktivitet: Gjennom øvingar lærar eleven om rebound (sprett), grep og fulcrum (vippepunkt) og korleis desse fungerer i forhold til kvarandre. Eleven lærar om ulike typer grep og fordeler/ulemper ved desse. I tillegg arbeidast det med å øve opp dei ulike deler av armen (fingre, handledd, underarm, overarm) og det å forstå kva for deler av armen som nyttast til ulike typer slag.

**Mål:**

Ha oversikt over sentrale slagkombinasjoner og kunne spille desse i passande tempo i forhold til de enkelte genre.

Aktivitet: Eleven lærer om slagkombinasjonar (enkeltslag, dobbeltslag, paradiddlar, Andre rudimenter med mer) gjennom noter og imitasjon. Eleven får øvelser til å opparbeide hurtighet ved spilling av disse. Videre lærer eleven å sette slagkombinasjonene i sammenheng

med ulike sjanger. Det kan her være aktuelt å se på stykker fra den amerikanske rudiment-tradisjonen og den europeiske klassiske tradisjonen. Dette kan ein se i sammenheng med notelære.

### **Mål: Dynamisk teknikk**

Beherske alle dynamiske nivå og bli bevisst på dynamikken sin funksjon innan dei ulike musikkgenre. Sjå samanheng mellom slagtype og dynamikk.

Aktivitet: Eleven lærar samanheng mellom forskjellige slagtyper og dynamikk gjennom aktiv bruk av øvingar, skape seg sitt eige dynamiske vokabular til bruk i musikalsk utøving. Skal kunne setjast i samanheng med dei ulike krav til dynamikk innan forskjellige musikkgenre.

**Mål: Koordinasjon/uavhengighet:** Øve opp to- tre- og fire-vegs-koordinasjon og setje dette i samanheng med ulike krav om uavhengighet i dei ulike formar for musikkstilar/genre.

Aktivitet: Eleven speler generelle notebaserte koordinasjonsøvingar, først to-vegs, så tre- og firevegs Dette setjast i samanheng med genrerelaterte koordinasjonsøvingar.

Mål: Form. Ha kjennskap til dei ulike delar i ein låt og kva for funksjonar dei har.

Aktivitet: Eleven lærar om korleis ulike låtar er bygd opp og kva for deler dei består av (vers, refreng, bridge, intro, solo m.m., samt A-A-B-A-form og liknande frå jazzgenre), samt korleis kjenne dei igjen. Vidare lærar eleven å lese og å skrive låtformer frå enkel skisse/oversikt til komplekse noteblete.

### **Mål: Instrumentlære**

Aktivitet: Eleven lærar om trommesettet si historie og kva for komponentar eit trommesett har. Eleven lærar korleis den enkelte tromme og cymbal er bygd opp og korleis dette påverkar lyden. Vidare lærer eleven å stemme trommer, og kva for type stemningar som er vanlege i ulike musikkgenre, samt korleis vedlikehalde eit trommesett. Dette gjennomførast ved praktisk arbeid i lag med lærar på kulturskulen sine trommer.

### **Mål: Sjangerlære**

Ha kunnskap om de sentrale genre innan rytmisk musikk (jazz, rock, pop, latin osv) Ha kjennskap til trommesettets rolle innan ulik genre, inkludert forskjellige ”timefeelinger”, samt være forberedt på vanlige trommesett-tekniske utfordringer.

Aktivitet: Eleven lærar om aktuelle genre gjennom aktiv lytting og blir forklart trommesettet si rolle i desse. Eleven lærar ulike kjenneteikn ved trommespillet i dei ulike musikkgenre, slik som dynamikk, rytmikk, time-feeling. Eleven skal kjenne til kva for rolle dette spelar inn i musikken.

### **Mål: Notelære**

Ha kunnskap om og kunne lese de fleste note verdier, kunne sette dette i sammenheng med et lydbilde, samt vite hva som skiller trommenotasjon fra vanlig notasjon. Kunne bladlese noter på høgt nivå.

Aktivitet: Eleven lærar å lese ulike notefigurar bestående av dei fleste note verdiar, ved bruk av diverse skarptrommestykker og eksempel på noter for trommesett. Eleven får høre innspelingar av desse og lærar samanhengen mellom noter og utøvande musikk.. Eleven skal også kunne bladlese, og øver på dette ved å spele stykker som er ukjente for eleven. Eleven får praktisk gjennomføring og rettleiing i trommenotasjon og melodisk notasjon for andre instrument, og forklare forskjellen på desse.

